


## Vil du bli årets modell 2016?



*Det nye inngangspartiet i Sund folkebibliotek*

Eit innsatsområde i regional kulturplan «Premiss: Kultur 2015-2025» er at innbyggjarane i Hordaland skal ha tilgang til moderne og attraktive bibliotek. I det treårige prosjektet «Sterk, spenstig og klar», som er støtta av Nasjonalbiblioteket, er eitt av måla fornying av biblioteklokala og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet. Biblioteka skal systematisk og planmessig bli betre i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova og møte utfordringane når samlingane vert meir digitale.

Ein av strategiane er å utvikle nokre bibliotek i Hordaland til modellbibliotek. I 2014 er Lindås bibliotek og Meland bibliotek valt som samarbeidspartnarar i ein modell med å samordne biblioteka. I 2015 er det ei meirope storstove i Granvin, eit nisjebibliotek i Sund og ein møtestad for unge ved filialen på Langevåg i Bømlo kommune som vert utvikla.

For 2016 søker vi to eller tre bibliotek som ynskjer å bli modellbibliotek.

Døme på modellar: å vise korleis eit lite bibliotek kan fornye seg i praksis, samarbeide med andre bibliotek på tvers av kommunegrenser, eller det kan vere å bli eit meirope bibliotek. Ein annan modell kan vere eit bibliotek med alternativ ordning av den fysiske samlinga og nytenking kring plassering og eksponering. Samarbeid med skule eller andre kommunale tenester kan vere ein annan innfallsvinkel.

Ein føresetnad for å bli med er at samlingane vert vurderte og aktualiserte, slik at biblioteklokala kan leggjast til rette som ein møteplass og debattarena.

Innreiing og innkjøp av inventar til modellbiblioteket skal skje i spleiselag mellom kommunen og fylkeskommunen. Fylkeskommunen vil i tillegg bidra med ekstern konsulentteneste, deltaking i prosjektgruppa og praktisk arbeid i prosjektet.

Kommunen må rekne med minimum 100.000 kr. til inventar og ominnreiing.

Skisse med kva modell ein ynskjer å utvikle med stadfesting av kommunal eigenandel kan sendast:

[fylkesbiblioteket@hfk.no](mailto:fylkesbiblioteket@hfk.no)

Vi viser til Nasjonalbiblioteket si utlysning av midlar til arenautvikling 2015-16, og tilrår at ein også søker om midlar til lokal tilrettelegging av biblioteklokalet.

Søknadsfrist: 1. oktober 2015 Ta kontakt med fylkesbiblioteket for rettleiing i utfylling av søknaden.

<http://www.nb.no/Bibliotekutvikling/Utviklingsmidler/Utlysning-av-midler-til-arenautvikling-2015-2016>

Nærare informasjon kan ein få ved å kontakte Ruth Ørnholt; [Ruth.Ornholt@hfk.no](mailto:Ruth.Ornholt@hfk.no) eller Sigrid Furnes; [sigrid.furnes@hfk.no](mailto:sigrid.furnes@hfk.no)

Søknadsfrist for modellbibliotek: 1. oktober 2015.